

INNLEGG I SANDNESPOSTEN 5. AUGUST 21

For Internasjonal Kvinneliga for Fred og Frihet, avd. Sandnes
Gro Eriksen og Ingegerd Austbø

Aldri meir Hiroshima og Nagasaki

6. august 1945 slepte USA atombomba «little Boy» over Hiroshima. 9. august slepte dei «Fat Man» over Nagasaki. 135 000 menneske døyde som direkte konsekvens av bombinga (brannskader, stråling). Over tid døyde dobbelt så mange av radioaktiviteten, som dei fekk i seg gjennom mat, drikke, luft og stråling.

Trass i dei forferdelege konsekvensane av atombombene, spelar atomvåpen i dag ei viktig rolle i rivaliseringa mellom stormaktene. I 1970 vedtok FN Ikkje-spreiingsavtalen (NPT) men den og andre avtalar (START t.d.) har ikkje fjerna atomvåpna. I følge SIPRI (Fredsforskningsinstituttet i Stockholm) finst det i dag 13 400 atomvåpen i verda. USA og Russland står for 90% av desse. Alle atomvåpen-statane satsar på modernisering av våpna, noko som senkar terskelen for å ta dei i bruk. Sjølv i korona-året 2020 auka pengebruken til atomvåpen. Totalt vart det brukt 72.6 milliardar dollar, 137 millionar i minuttet!

Sivilsamfunnet pushar på politikarane for å få avskaffa atomvåpna. Ordføraren i Hiroshima starta i 1982 «Ordførarar for fred», eit globalt nettverk av ordførarar/kommunar som vil ha forhandlingar om å fjerna atomvåpen. Fleire norske kommunar har slutta seg til, m.a. Sandnes.

ICAN, den internasjonale kampanjen for å forby atomvåpen, vart stifta i 2007. 7. juli 2017 vedtok 122 land FN-traktaten TPNW, som forbyr atomvåpen, og 10. desember same år mottok ICAN Nobels fredspris. 22. januar 2021 vart traktaten internasjonalt lov, 90 dagar etter at 50 land hadde ratifisert avtalen. Så langt har ingen atommakter signert avtalen, men di fleire land som signerer, di større blir det moralske og politiske presset mot dei.

ICAN har publisert to omfattande rapportar i 2021. Den eine («Complicit: 2020 Global Nuclear Weapons spending») er ein grundig gjennomgang av våpenarsenal og pengebruk hos dei 9 atom-maktene, både offentleg og privat. Det viser seg at dei private selskapa (våpen-produsentane) brukar mykje pengar på såkalla «tenketankar» og på lobby-isme. T.d. brukte både Boeing og Lockheed Martin 50 millionar dollar på lobby-isme.

Den andre rapporten handlar om NATO, og kva rolle organisasjonen spelar/kan spela når det gjeld atomvåpen. («A non-nuclear Alliance...») Den peikar på at alle Nato-land har slutta seg til Ikkje-spreiingsavtalen, og at NATO offisielt er for nedrusting. Tilsynelatande er alle medlemslanda einige, sidan ingen har signert TPNW, men innad i organisasjonen er det store variasjonar. Storbritannia t.d. har vedteke å auka sitt våpen-arsenal, medan somme land har uttalt seg positivt om traktaten.

Norske politikarar hevdar at Norge ikkje kan slutta seg til avtalen p.g.a NATO-medlemskapen, og at det trengst forsikringar om at avskaffinga kan skje trygt. Det finst ingen juridiske grunnar som hindrar NATO-land i å slutta seg til traktaten, og den inneheld gode reglar for kontroll og gjennomføring av nedrustinga. Dette har også norske forskarar hevda.

USA brukar meir på atomvåpen enn alle andre til saman, og USA har a-våpen utplasserte i allierte land i Europa. Desse landa stiller med fly som kan bera atomvåpna. Denne utplasseringa er kontroversiell og svært upopulær hos befolkninga i dei aktuelle landa. Forskaren Asle Toje fryktar at Norge kan bli «overtalt» til å bruka F-35- flya til dette.

Over 1000 parlamentarikarar i ulike NATO-land har erklært at dei vil arbeida for at deira respektive land skal slutta seg til TPNW, og parlamenta i Spania, Italia og Nederland har uttrykt støtte til traktaten.

6 av 9 politiske parti i Norge støttar norsk tilslutning til traktaten, og AP seier at dette bør vera eit mål. Ved å slutta seg til «Ordførarar for fred» og ICANs «Cities' Appeal» kan norske kommunar påverka Storting og Regjering, slik at Norge sluttar seg til FN's forbod mot atom-våpen.

For Intenasjonal Kvinneliga for Fred og Frihet, avd. Sandnes
Gro Eriksen og Ingegerd Austbø